



Høgskulen
på Vestlandet



Handlingsplan for berekraftig utvikling

Høgskulen på Vestlandet 2023-2026

Samfunnsoppdraget til Høgskulen på Vestlandet (HVL) er «å tilby høgare utdanning, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, formidle kunnskap og bidra til ei samfunnsutvikling som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig.»

(HVL Strategi 2023–30)

HVL skal fremje utdanning og forskning med høg kvalitet og stor relevans og vere ein sterk innovasjonskraft og ein ambisiøs samfunnsaktør. Denne handlingsplanen for berekraftig utvikling skildrar mål og tiltak innan utdanning, forskning og innovasjon som skal fremje ei samfunnsutvikling som er både miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig. I tillegg blir det skildra korleis HVL som samfunnsaktør kan vere ei drivkraft for berekraftig utvikling, også gjennom organiseringa vår og den daglege drifta.

HVL si forståing av berekraftig utvikling følger opp FN sin berekraftagenda. Her blir berekraftig utvikling definert som ei utvikling som tilfredsstiller behova vi har i dag, utan å øydeleggje vilkåra for at framtidige generasjonar kan få dekkja sine behov. Dette inneber at vi må finne løysingar på klima- og miljøutfordringane, stimulere til grøn verdiskaping og utvikling av grønne verdikjeder, leggje vekt på etikk og samfunnsansvar, bidra til å redusere ulikskap og utanforskap og fremje gode levevilkår for alle (<https://www.fn.no/>).

I den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning understrekar Regjeringa ansvaret universitet- og høgskulesektoren har for å bidra til å løyse dei store samfunnsutfordringane (Meld. St. 5 (2022–23). ‘Lov om universiteter og høyskoler’ vart revidert i 2022 og lovfestar at universiteta og høgskulane si plikt til å væra ein pådrivar for berekraftig utvikling. Gjennom denne handlingsplanen for berekraftig utvikling signaliserer vi derfor ei forsterka satsing på berekraft ved HVL.

Handlingsplanen for berekraftig utvikling ved HVL gjeld for perioden 2023–2026 og inneheld to delar. Del A er knytt til kjerneverksemda undervisning, forskning og formidling, og del B handlar om kultur, organisering og dagleg drift av HVL. Del A inneheld fire mål med tilhøyrande tiltak som må operasjonaliserast til konkret handling i fakulteta og fellesadministrasjonen. Toppleiinga skal ved strategisk budsjettildeling og på andre måtar leggja til rette for at tiltaka kan gjennomførast og føra tilsyn med framdrift. Alle einingar skal rapportera status for arbeidet kvart år. Oppfølging og iverksetting av planen skal evaluerast i 2025.



DEL A
Kjerneverksemd

1. Utdanning

Mål: HVL skal utdanne kandidatar med kompetanse innan berekraftsmåla, som er i stand til å nytte denne kompetansen til å løyse berekraftsutfordringar i samfunnet.

Tiltak

1. Prioritere budsjettmidlar som sikrar at fagmiljøa til HVL har kapasitet og kompetanse til å styrke utdanning for berekraftig utvikling
2. Integrere berekraftig utvikling i læringsutbyttet i studieprogramma til HVL.
3. Leggje til rette for at studentane får innføring i berekraftig utvikling som fenomen tidleg i studieløpet
4. Arbeide for at ein aukande del av studentane konsentrerer seg om berekraftsmåla i bachelor- og masteroppgåvene sine
5. Integrere berekraftsperspektiv som ein del av læringsutbyttet ved internasjonal mobilitet
6. Leggje til rette for deling av undervisningsressursar og undervisningsformer om og for berekraftig utvikling, på tvers av fagmiljø og fakultet
7. Utvikle og etablere opne emne om berekraftig utvikling for tilsette og studentar, med særskild vekt på etikk og samfunnsansvar

2. Forsking

Mål: HVL skal vere ei drivkraft for utvikling av forskingsbasert kunnskap som kan bidra til å løyse berekraftsutfordringar lokalt, nasjonalt og globalt.

Tiltak

1. Prioritere budsjettmidlar og andre ressursar til forskning om og for berekraftig utvikling
2. Styrke berekraftsperspektivet som satsingsområde i forskinga til fakulteta
3. Leggje til rette for forskning om og for berekraftig utvikling på tvers av fagmiljø og fakultet
4. Vidareutvikle eksisterande profesjonsretta og disiplinorientert forskning om og for berekraftig utvikling til tverrfaglege satsingar
5. Sikre at ph.d.-programma til HVL har berekraftsmåla i fokus
6. Sikre at ein aukande del fagtilsette har, eller tileignar seg berekraftkompetanse ved alle fakultet ved HVL

3. Innovasjon

Mål: HVL skal fremje ansvarleg innovasjon for ei berekraftig utvikling av samfunnet.

Tiltak


1. Sikre at ein aukande del av den forskingsbaserte kunnskapen til HVL kan nyttiggjerast i samfunnet
2. Ta initiativ og vera aktiv i samspelet med næringsliv, offentleg verksemd og samfunnsliv for å fremje ansvarleg innovasjon
3. Leggje til rette for at studentar i større grad kan jobbe med eigne innovasjonsidear og bidra til ansvarleg innovasjon i samfunnet

4. Samfunnsaktør

Mål: HVL skal setje dagsorden i samfunnsdebatten og bidra til berekraftig regional utvikling.

Tiltak

1. Legge til rette for og stimulera til at studentar og tilsette er aktive formidlarar og brubyggjarar i samfunnslivet, arbeidslivet og næringslivet
2. Styrke samarbeidet mellom fellestenester og fagmiljøet for å støtte deltakinga i samfunnsdebatten
3. Styrke formidlinga av kunnskap og forskning om og for berekraft på digitale flater og andre kanalar og medium
4. Oppfordra til og aktivt støtta meir mangfald i formidlinga av kunnskap og forskning om og for berekraftig utvikling til samfunnet
5. Leggje vekt på berekraft i rekrutteringsmateriell retta mot studentar



DEL B
Kultur, organisering
og dagleg drift

5. Kultur, organisering og dagleg drift

Mål: Som miljøfyrtårn skal HVL bidra til å løyse berekraftsutfordringar.

Tiltak 1:

Sirkulær økonomi skal bli ein integrert del av den samla verksemda til HVL.

Aksjonspunkt:

- byggje dele- og sirkulærkultur
- leggje til rette for deling av fysisk infrastruktur (som tingotek, møblar, bilar) og bruk av digitale verktøy for å støtte initiativ for deling og ombruk
- leggje til rette for deling av arbeidsplassar
- vidareutvikle dei årlege sirkulærdagane som eit samarbeid på tvers av avdelingar
- etablere system for ombruk og deling av undervisningsopplegg
- eggje til rette for reparasjon, redesign, oppsirkulering og gjenbruk i drift og innkjøp
- auke graden av kjeldesortering og generelt redusere avfall på alle campusar
- utvikle indikator for avfallsreduksjon som kan inngå i indikatorsettet til HVL
- utarbeide og implementere berekraftig IT-politikk med livsløpsanalysar, til dømes for mobiltelefonar og PC-ar

Tiltak 2:

HVL skal redusere det totale klimagassutsleppet med 40 % frå 2019-nivå

Aksjonspunkt:

Utarbeide og implementere ein klimaambisiøs reisepolitikk

- jobbe systematisk med energioptimalisering og klima- og miljøvennlege løysingar, mellom anna gjennom samarbeid med Statsbygg (til dømes om solenergi og jordvarme)
- velje fossilfrie energikjelder for både driftsoppgåver og i undervisning og forskning
- vidareutvikle oversikt over klimafotavtrykket frå all aktiviteten vår, og setje i verk klimagassreducerande tiltak der det er naudsynt

Tiltak 3:

HVL skal aktivt bruke innkjøpsmakta si for å fremje berekraft (ESG) i anbod og innkjøp

Aksjonspunkt:

- Krevje at leverandørane prioriterer berekraftige produkt og tenester i dei digitale varekatalogane, og utfordre dei der det ikkje finst fullgode løysingar for HVL
- utarbeide prosedyrar for berekraftige innkjøp og gjere opplæringsmateriell tilgjengeleg
- stille strenge minstekrav, kontraktsvilkår og vekte tildelingskriterier i anbod på ein måte som gir et reelt konkurransefortrinn for mer bærekraft i tilbud
- gjere opplæring i miljø- og klimamerkingar, som t.d. Svanemerket, tilgjengeleg for rekvirentar og innkjøparar

Tiltak 4:

HVL skal vere ein god arbeidsplass og studiestad for personar med ulik arbeidsevne og funksjonsevne

Aksjonspunkt:

- sikre at arbeidet vårt med mangfald, inkludering og likestilling tek omsyn til ulikskapar i arbeidsevne og funksjonsevne for studentar og tilsette
- gjø leiarar kunnskap og handlingsrom for oppfølging av alle studentar, tilsette og mellombels arbeidskraft
- auke talet på personar i arbeidspraksis, arbeidsutprøving eller tilsvarande tiltak ved HVL kvart år til minst 10 personar, der studentar i praksis kjem i tillegg
- setje berekraft som eit eige diskusjons- og oppfølgingspunkt i medarbeidarsamtalane for å auke medvitnet om berekraftsmåla til HVL blant dei tilsette
- ha tett samspel med organisasjonane til studentar og tilsette om ulike aspekt ved berekraft

